

3. RESULTAT.

Bjørheimsvatn, 34 m o.h., areal = 360 ha.

Vatnet er omgjeve av flate, dyrka område, beitemark og skogslie. Her finst store grunnområde. Gytetilhøva er gode i hovudinnlaupselva og i mindre tillaupsbekker.

Vasskvalitet. I tabellen under er resultatata av vassprøveanalysa samanlikna med verdiane i 1970.

År	pH	El. led. evne uS/cm	Kalsium mg Ca/l	Aluminium mg Al/l	Alkalitet mmol/l	Farge uv
1970	6,2	31,3	3,6			
1984	6,23	35,8	1,75	35	0,07	5

Det går fram av tabellen at pH-verdien er den same i dag som for 14 år sidan. Dette har samanhang med høg bufferkapasitet som følgje av gjødsling frå jordbruket. Berggrunnen rundt vatnet er kambro-silurisk. Jordsmonnet har av den grunn stor bufferkapasitet.

Fisk.

Ved prøvefisket i 1984 vart det fiska med 2 Jensen-seriar, totalfangst 12 aurar og 5 røyr. Største aure var 32,7 cm og 385 gram. Største røye 28,4 cm og 182 gram. I 1970 vart det fanga 23 aurar på 1 Jensen-serie, men ikkje røye.

Aure. Fisk som er yngre enn 5 år utgjer det meste av bestanden. Både hoer og hannar blir kjønnsmogne ved 4-5 års-alder. Auren veks relativt raskt til ei lengde på ca. 25 cm for deretter å avta. Kvaliteten er fin på ungfisken, under middels på dei eldste. Bestandstilhøva har endra seg lite sidan 1970.

Røya var av jamnt fin kvalitet. Alle 5 var hoer som hadde gytt

tidlegare og lengdene varierte mellom 26,8 og 28,4 cm.

Næringsvalet for aure og røye er gjeve i volumprosent i tabellen under.

Nærings- dyr / Fiskeart	Fjørmygg- pupper	vårfluge- larver	Daphnia galeata	Bosmina longirostris	Bythotrephes longimanus	Linsekreps	Antal mageprøver
Aure	6	10	6	2	70	6	10
Røye			45	30	25		4

Planktoniske krepsdyr dominerte mageinnhaldet hos begge artane. Auren hadde hovudsakleg ete den store forma *Bythotrephes longimanus* medan mindre artar dominerte i røyemagane.

Det er på bakgrunn av desse granskingane uråd å fastslå kva for art som er mest talrik av røye og aure. Det blir fiska røye både til hushald og for salg, fisket etter aure har noko mindre omfang. Ved å nytte flytegarn i perioden august-oktober kunne ein truleg hauste auren effektivt.

LENGDE

CM

40

35

30

25

20

15

10

5

5 cm lengdevekst/år

1

2

3

4

5

6

7

8

9

10

Aldersfordeling:

Alder:

Antal:

3 år

5

4 år

3

5 år

2

8 år

1

BJØRHEIMSVATN : Vekstkurve, alder- og lengdefordeling.

% AV
TOTAL

60

50

40

30

20

10

N = 11

4

3

2

2

1

15

18

21

24

27

30

33

36

39

42

45

48

CM-GRUPPER